

ÅRSMELDING TURGRUPPA

Turgruppa: Leiar: Rolf Kleiven

Medlemer: Sigvard Skaar, Linda Hovland, Solveig M. Standnes, Ole Ronny Øen og Arvid Haugen.

Denne turgruppa vart etablert for 3 år sidan for å ta del i Kystarvstiprosjektet i HAFS. Dette prosjektet er i ferd med å ferdiggjere 100 stiar i dei 5 HAFS-kommunane.

2012 har vore prega av mykje praktisk arbeid med dei ulike stiane m. o. t. merking, rydding, brubygging m.m. Dette arbeidet vil halde fram i 2013, det er rart med slikt arbeid som vert meir av etter kvart som ein jobbar !

1. Fossevikja-Heileberget:

Var ferdig merka i 2011. Plan for 2013 er å lage ei trapp i overgangen granskog/lauvskog i nederste del av stien. Eit ambisiøst mål i sommar er å få merka og rydda sti frå Otterstein til Fossevikja slik at denne er ferdig når Dalsfjordbrua vert opna i desember.

2. Østenstad rundt:

Mykje vart gjort i 2011. I 2012 har vi rydda, steinlagt og forbetra stien. Turgruppa ynskjer i 2013 å nytte helikopter for å steinsetje den våtaste delen av løypa. Løypa vert utruleg mykje brukt, og er nok den mest populære løypa vår. Den vert brukt som rundløype eller delvis, som til Østenstad eller Grøneholten. Eit populært tiltak var benken « Fjordasjå » på Grøneholten. I samband med denne stien har det vore kontakt mellom Fjaler kommune og grunneigar om å nytte Torset meir aktivt.

3. Rakneberg-Jarstadheia:

Ferdig merka i 2011. Denne stien bør steinleggast i løpet av 2013 i dei våtaste områda.

4. Steiestølen rundt:

Gromløypa vår på Steiestølen held på å ta form. Vi har merka og rydda frå Slettelandstølen via Botnavatnet til Namnlausevatna, vidare til Styggeheia og Taket. Ikkje minst har vi bygt 2 bruer; bru ved utløpet av Botnavatnet (bruer er kjekt) og bru over elva ved Arvid Haugen si hytte. Dette gjer at denne løypa kan nyttast uansett vassføring i vassdraga der oppe. Grunna usemje med grunneigar er vi ikkje komne lengre med merkinga frå Myklebuststølen til Taket, men vi vonar å få ordna dette komande år. I tillegg til dette må vi gjere ein del med skilting komande år.

5. Elvestien:

Rett over nyår hadde vi saman med Fjaler kommune offisiell opning av Elvestien. Her har Fjaler kommune ved kulturleiar Ingeborg gjort eit framifrå arbeid med tilrettelegging, finansiering m.m. Stien vert utruleg mykje brukt og må vel kallast ein knallsuksess for bygda vår. Vi har teke elva tilbake m/lys. Det praktiske arbeidet har entreprenør Geir Sande gjort på ein framifrå måte. Stien er ikkje ferdig og arbeidet vil halde fram i 2013 og er og avhengig av framtidig plassering av ny gravplass i Dale.

I tillegg til dei «offisielle» stiane har vi steinlagt sidestien til Østenstad rundt; Jyttilshogjen. Geir Sande gav oss stein og med helikopter og dugnad har vi sørge for tørrskodd gange til Jyttilshogjen, eit veldig populært turmål.

Generelt:

Nok eit kjekt år i ålmenta si interesse. Turgruppa får stadig flotte tilbakemeldingar, og det er ei sann glede å arbeide med dette. Her er mange som skulle vore nemnt og takka, men det vert for vanskeleg å lage den lista. Turgruppa vil få takke kvar einskild som har bidrege i arbeidet, også dei som nyttar stiane og med det gjev oss tilbakemelding.

Arbeidet vil halde fram i 2013 med meir merking, steinlegging, vedlikehald, skilting, oppsetting av informasjonstavler m. m.

Verdt å nemne er at prosjektet har for sal kart der alle stiane i Fjaler og Hyllestad er innlagde.

Stor takk til Ingeborg (Fjaler kommune) og Jonn (prosjektleiar) for godt utført arbeid og ikkje minst samarbeid. Takk til alle medlemene i gruppa for vel utført arbeid i 2012 og at de held ut med meg som leiar.

Stor takk til Sparebankstinga Fjaler for støtte til prosjektet.

Turgruppa Dale I.L.

Rolf Kleiven

-fortsatt nøgd leiar